

Mange kvinnheringar på Vestlandske skistemna.

07.03.2016



Nesten alle frå Kvinnherad som deltok i Vestlandske skistemna på Voss.

Det var ein flott gjeng frå Uskedalen og Kvinnherad som reiste til Voss. Det var 6 utøvarar frå Uskedalen, 8 frå Omvikedalen/RTL og 10 frå IL Ternen pluss foreldre som hadde teke turen. Antalet blei nevnt, utan at eg har sjekka det. Så alt i alt var det ein solid gjeng frå Kvinnherad.



Ein del av foreldregruppa.

Uskedalen stilte som dei andre laga med eige smørjeteam der Oddmund Soldal og assistent Olav Tvilde rutinemessig hadde benka seg sentralt i anlegget. Det var ingen som klaga på skia denne dagen. Vossalanggrenn har gode tradisjonar for å arrangera skirenn, så det er ein fornøyelse og sjå kor greitt det gjekk.

Det var ikkje nokon frå Uskedalen, som kom på pallen, men vi er neimen ikkje langt unna. Men tap og vinn med samme sinn lever Uskedalingane godt opp til. Omvikedalen og Ternen fekk begge ein 3.plass. Dei 6 frå Uskedalen som deltok i rennet var Linnea M. Ripel, Emma M. Ripel, Saima Døssland, Silje Soldal, Hanna Tvilde og Solveig Haugland.

Etter Skirennet var heile gjengen frå Uskedalen samla på Peppes Pizza før heimreise.

Ein flott dag i det fine veret. De finn [fleire bilete her](#).



Emma halvveis i løpet.



Silje på veg inn til skibyte.



Solveig(303) i mål.



Premieutdeling.



Også smørjeteamet, Oddmund Soldal og Olav Tvilde, hadde ein god dag.



Uskedelingane hadde ei koseleg stund på Peppes etter rennet.

Tekst og foto: Knut Johannes Ripel
Nett: Thor Inge Døssland